

**Referat 06.02.2021 KKL**

<b>Dok. ref.:</b>	20/11345-67	<b>Møtedato/ Tid:</b>	06.02.2021 14:30
<b>Stad:</b>	Microsoft Teams	<b>Møtenr.:</b>	
<b>Referent:</b>	Thomas Bekkenes		
<b>Til stades:</b>	Anne Erdal, Anne-Merete Vabø Haugane, Jens Even Eikås, June Johannesen, Line Barmen, Rune Lid, Sisse Irene Nesse, Stein Inge Stigen, Tom Georg Indrevik, Vigleik Brekke, Grethe Bergsvik, Råmund Skjold		
<b>På Teams:</b>			

**SAKSLISTE**

<b>Punkt til behandling</b>	<b>Beskriving/status/oppfølging</b>	<b>Konklusjon</b>
<b>Tiltak Bergensregionen - smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet</b>	<a href="#">Lenkje til lovdata</a>	<p>Dette er grunngeve med at Øygarden kommune har for tida lite smitte. Siste 14 dagar har 2 av våre innbyggjarar fått påvist Covid-19.</p> <p>Vi har hittil ikkje fått påvist nokon av muntantvariantane. Grunna geografisk nærleik til Bergen og mange personar pendlar dagleg over kommunegrensene er det viktig at også vi som nabokommune til Bergen, der det er et uoversiktleg bilete med omsyn til fleire påviste Covid-19 mutantar, gjer tiltak for å avgrensa utbreiinga av desse mutantvirusa.</p> <p>Det er frå sentrale styresmakter peika på ved fleire høve at omsynet til barn og unge skal vega tungt med omsyn til dei smitteverntiltaka som vert vedtekne. På bakgrunn av nåverande smittesituasjon i vår kommune og omegnskommunane og omsynet til barn og unge vert på nåverande tidspunkt vurdert slik at Øygarden kommune vel å følgja Covid-19 forskrifta kapittel 5b. Samstundes vil vi overvaka situasjonen nøye. Eventuelle</p>

		utbrot av muterte Covid-19 variantar eller uoversiktleg situasjon md omsyn til denne typen virus vil kunna medføra at kommunen på kort varsel av smittevernmessige årsaker vil måtta vedta at Covid-19 forskrifta kapittel 5a må følgjast.